

Møte i referansegruppe barnehage- og skolestrukturplan måndag 19.01.26

Dato: 19.01.26

Tid: 18:00-20:00

Stad: Formannskapssalen, Odda Rådhus.

Deltakarar: Kommunalsjef Anna Maria Kråkevik
Sektorleiar barnehage Wenche Jordal
Sektorleiar Marit Langås
Margot-Helene Backer-Owe, KRF
Marit Jensen Måkestad, AP
Björg Larsson, R
Mari Svartveit Hansen, SV

Vedtak i kommunestyret juni 2025

a. Ein representant frå kvart politiske parti i kommunestyret vert vald til å sitje i referansegruppa beståande av 8 personar.

b. Administrasjonen set saman ei arbeidsgruppa med kommunalsjef for oppvekst og utdanning som leiar

Kommunestyret vedtek framdriftsplan for prosess og involvering, med desse endringane: Referansegruppa og arbeidsgruppe skal gå i dialog med innbyggjarane i prosessen, for å sikre betre involvering. Endeleg forslag til skulestruktur vert ikkje lagt fram før andre kvartal 2026.

Kommunestyret vedtek at desse områda skal gjerast greie for i planen:

- ei fullstendig oversikt over tal på skuleelever fram til skuleåret 2030-2031
- ei oversikt over no-situasjonen og behov ved den enkelte skule
- ei oversikt over gjeldande skulekringsgrenser og problemstillingar i høve dette
- ei skildring om mogleg framtidig skulestruktur og innsparing
- ein skal sjå på barnehagestruktur, moglegheit for oppvekstsenter og SFO-tilbodet parallelt med skulestrukturplanen.

Agenda:

- *Elevtalsutviklinga, oppdaterte tal frå Eva Rekkedal -syner til vedlegg.*
Oppdaterte tal, reelle tal, ikkje prognose. Dette uttaket vert gjort fleire gonger i året.
- *Status bygg ved Jostein Kaland -syner til vedlegg.*
Tilstandsanalyse på formålsbygg (bygg som Ullensvang kommune eig 100 % som til dømes barnehage- og skulebygg). Kommunen har åtte hundre millionar kroner etterslep på vedlikehald totalt på alle bygg, Barnehage- og skulebygg er gamal bygningsmasse som er kostnadskrevjande. Skulesektoren har det tyngste vedlikehaldsetterslepet i kommunen.

- *Alle høyringsinnspel ligg i Websak 25/1373, og er lagt i tidslinja på nettsida til Ullensvang kommune. Dei store linene frå høyringane med frist 01.01.26.*

- *Skule ved sektorleiar Marit Langås.*
 Dei store linene i innspela:
 - ønsker sterke og gode fagmiljø(fleire elevar og kompetanse samla).
 - bekymra for det ukjende og ringverknader av dette(lengre reiseveg og lengre dagar for elevar/tilsette, tap av samlingsplassen(skulen).
 - ynskje om at politikarane tek kontakt med foreldre, og at dei tek det valet som er best for heilheten.
 - eit håp om at "vegen" til endring vert så skånsom som mogleg.

- *Barnehage ved sektorleiar Wenche Jordal.*
 - Dei store linene i innspela:
 - viktig med kompetansen og kvaliteten på det pedagogiske tilbodet.
 - ønsker kort reiseveg til barnehagen
 - barnehagen er ein del av nærmiljøet
 - frykter nedleggelse
 - faglege og organisatoriske gevinstar ved større einingar

- *Kva ynskjer referansegruppa ut ifrå høyringssvara?*
 Alle innspel må leses. Ligg i Websak 25/1373, og er lagt i tidslinja på nettsida til Ullensvang kommune. Det vert eit nytt folkemøte den 05.02.26 kl. 18:00-19:30, Sentralbadet litteraturhus, Smelteverket, Odda sentrum.

- *Saksgangen fram mot endeleg vedtak.*
 Politisk sak i UKL, politisk vedtak om å sende plan på høyring